

Opplevingsommer i Etne Prøv "Alle 30".

Kva er "Alle 30"?

Etne IL, Fjæra og Rullestad IL, Skånevik IL og IF Klypetussen har noteringsbøker på 30 postar rundt i den vidstrekke og spennande naturen me har rundt oss i Etne. På nuteringsskjemaet du finn i venstremenyen på IF Klypetussen si heimeside står heile opplegget. Fram til litt utpå hausten kan du prøva å fåflotte naturopplevingar i Etnefjella samstundes som du nuterer deg i skjemaet. Klarer du "Alle 30" innan tidsfristen for kvart einskild opplegg (laga byter bok på ulike tider - frå slutten på september til 31. oktober), vert du invitert på nutafest med full middag og underholdning - heilt gratis. I tillegg får du utdelt ei rosemåla fjøl som fortel at du har klart "Alle 30". Klarer du det fleire år, vil fargen rundt den neste fjøla endra seg, og visa at du har klatra på stigen.

Kva er den finaste turen? Det vil endra seg alt etter som. Det regnar, det er skodd, du har vinden i mot, men er godt kledd: - plutseleg står det ein hjort rett framfor deg. Då er ikkje regn, vind og skodd dårleg ver..?

Desse har klart "Alle 30" sidan fyrste år 2002:

1.Paul Tungesvik, 2.Unni Matre, 3.Kjell Ingvald Matre 4.Erling Askeland
5.Ståle Tungesvik 6.Gisle Sellevold 7.Inge Sævareid 8.Ingemund Berge
9.Jon Olav Tesdal 10.Sondre Rullestad 11.Nils Rullestad 12.Sverre Fjæra
13.Torleif Fjæra 14.Ole Rullestad 15. Erik Rullestad 16.Jørgen Rullestad

Ei tøff dame til no. Kven vert den neste..?